



Svein Harald Molvik
MOLVIKAVEGEN 549
5993 Ostereidet

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/71 - 22/9442

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
01.02.2022

Matrikkelbrev - gbnr 227/46 Molvik

Viser til oppmålingsforretning den 21.01.2022.

Forretninga gjaldt oppretting av ny matrikkeleining frå gbnr 227/2 der ny matrikkeleining gbnr 227/46 er oppretta i grunnboka.

Innmålte grenser er no ført i matrikkelen. Vedlagt er matrikkelbrev for gbnr 227/46, kopi av protokoll for oppmålingsforretning og alle dokument frå kartverket tinglysing.

Eit matrikkelbrev er ei utskrift av matrikkelen som viser alle registrerte opplysningar om ei matrikkeleining (eigedom) ved oppgitt dato. Matrikkelen er landets offisielle register over fast eigedom. Sjå www.kartverket.no for meir informasjon om matrikkelen.

De kan no skriva skøyte på eigedomen. Dette må sendast til tinglysing, «Kartverket Tinglysing, pb. 600 Sentrum, 3507 Hønefoss.»

Minner om at underteikna må få melding når kjøpar har fått tinglyst skøyte på eigedomen. Dette for å kunne slå naustetomta saman med gbnr 227/7.

Originaldokument vert sendt pr. post.

Eigedomen er å finna på www.seeiendom.karverket.no og www.nordhordlandskart.no

Klage:

Denne avgjerdsla er et enkeltvedtak som kan klagast over, [jf. matrikkelova §46](#).

Klage skal stilast til Statsforvaltaren, men sendast til kommunen. Klagefrist er tre veker frå motteke brev.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

227-46-Matrikkelbrev
Protokoll - 227/2 i Alver Kommune

Kopi til:

Knut Morten Ånensen	MOLVIKAVEGEN 455	5993	Ostereidet
---------------------	------------------	------	------------

Mottakarar:

Svein Harald Molvik	MOLVIKAVEGEN 549	5993	Ostereidet
---------------------	------------------	------	------------